



ÅRSMØTE I SA NAUSTDAL BÅTLAG

Onsdag 15. mars 2017 kl. 18.00 på Håjen kafé

Sakliste

1. Godkjenne medlemmar med tale- og røysterett

Det er møtt fram 18 personar på årsmøte.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner 18 personar med tale- og stemmerett.

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner innkallinga og sakliste til årsmøte.

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

3. Val av ordstyrar

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vel Egil Gulholm til ordstyrar.

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke

4. Val av skrivar

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vel Oddbjørn Schei til skrivar.

Vedtak: Styrets sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

5. Val av to personar til å underskrive møteboka

Årsmøte valde:

1.: Helge Stølsvik

2.: Vegard Nordnes

6. Årsmelding

Styret viser til vedlagt årsmelding for 2016.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte tek årsmeldinga for 2016 til vitande.

Vedtak: Styrets sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

7. Rekneskap

Styret viser til revidert rekneskap for 2016. Årsmøtet vedtok eit budsjett for 2016 med eit driftsresultat etter avskrivning på kr. 15.900,- Rekneskapen viser eit driftsresultat på kr. 13.853-

Årsak til negativt driftsresultat:

- dieselanlegget går ikkje i balanse. Sjølve dieselsalet gjekk med eit overskot på ca. kr. 9000,- med driftsutgiftene til dieselanlegget vart på kr. 23.000,- Dette gir eit underskot på ca. kr. 14.000,-
- elles var det budsjettert med straumutgifter på ca. kr. 4000,- Straumutgiftene til båtlaget vart ca. kr. 11.000 høgare enn budsjettert.
- vidare var det budsjettert med utbetaling av dugnad på kr. 15.000,- Rekneskapet viser ei utbetaling på kr. 35.000,-, altså kr. 20.000 meir enn budsjettert.

Det blir viktig å få dieselanlegget til å gå i balanse, og redusere straumkostnadane. Når det gjeld meirkostand til dugnad må dette sjåast på som positivt, då dugnad er med på å heve standarden i båthamna.

Det som er positivt er at vi kvart år klarer å sette av pengar til framtidige investeringar. I 2016 hadde vi ca. kr. 284.000 på konto. Dette er ein auke med ca. kr. 83.000,- frå 2015. Revisjonsmelding vart opplese i møtet.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner rekneskapen for 2016.

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

8. Fastsetje medlemskontingenten

Styret tilrår at medlemskontingenten vert uendra for 2017.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset medlemskontingenten for 2017 til kr. 300,-

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

9. Fastsetje årleg avgift for 4m, 6m og 8m båtplass

Styret tilrår at årleg avgift vert uendra for 2017.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset årsavgifta for 2017 til:

4m båtplass kr. 1600,-

6m båtplass kr. 1700,-

8m båtplass kr. 1800,-

Vedtak: Styrets sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

10. Fastsetje eingongsinnskot for 4m, 6m og 8m båtplass

Konsumprisindeksen i 2016 var ifølgje Statistisk sentralbyrå (SSB) auka med 3.5%.

Årsmøtet har kvart år justert eingongsinnskotet for båtplassane etter konsumprisindeksen til SSB.

Styret sitt framlegg:

Årsmøtet justerer eingongsinnskotet for 4m, 6m og 8m båtplass etter konsumprisindeksen til SSB på 3.5%. Endringa gjeld frå og med 15. mars 2017 til årsmøte i mars 2018.

Etter dette vert eingongsinnskot på båtplassane slik:

4 m plass innskot kr. 25.080, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. **25.960**

6 m plass innskot kr. 30.960, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. **32.050**

8 m plass innskot kr. 37.850, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. **39.180**

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

11. Fastsetje timegodtgjersle for dugnad

Styret tilrår at timegodtgjersla for dugnad vert uendra for 2017.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset timegodtgjersle for dugnad i 2017 til kr. 100,-

Vedtak: Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

12. Investerings- og vedlikehaldsplan for Naustdal Båtlag for perioden 2017-2020

Til årsmøte i 2014 utarbeida styret ein investerings- og vedlikehaldsplan for perioden 2014-2017. Planen skal rullerast kvart år og styret skal legge fram ein oppdatert plan til årsmøtet.

Vedlagt følger revidert investerings- og vedlikehaldsplan for perioden 2017-2020.
Det er ikkje planlagt med investeringar i 2017.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek revidert investerings-, og vedlikehaldsplan for 2017-2020.

Vedtak: Styrets sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

13. Budsjett 2017/2018

Styret viser til vedlagt driftsbudsjett for 2017/2018.

Det er ikkje lagt opp til investeringar i 2017/2018. Ser ein isolert på inntekter og utgifter gir budsjettet eit overskot etter avskrivning på kr. 23.000,- Styret legg opp til at driftsresultatet pr. 31.12.2017 blir overført til kapitalkontoen.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek styret sitt framlegg til driftsbudsjett for 2017/2018.

Vedtak: Styrets sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

14. Val

Styret viser til eige framlegg frå valnemnda.

Innstilling til nytt styre for årsmøtet i Naustdal båtlag 2017

Styret for 2016:

Styret:

Egil Gulholm, leiar	1 år
Daniel Stave	2 år
Oddbjørn Schei	2 år
Jan Petter Sæbø	1 år
Sverre Nordgård, kasserar	1 år

Revisorar:

Svein Øverland	2 år
Bjørn Olav Erdal	1 år

Valnemnd:

Henning Svoen	1 år
---------------	------

Innstilling til nytt styret 2017:

Daniel Stave, leiar	1 år
Roy Arne Flo, nestleiar	2 år
Oddbjørn Schei skriver	1 år
Stig Petterson styremedlem	2 år
Jan Dahlberg, kasserar	1 år

Svein Øverland	1 år
Bjørn Olav Erdal	2 år

Kjartan Krognæs	2 år
-----------------	------

Harald Myklebust

2 år

Harald Myklebust

1 år

Naustdal 15.mars - 2017
Med ønske om eit godt val !

Harald og Henning

Leiar i valnemnda Henning Svoen leia valet.

Vedtak: Valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

15. Avslutting.

Ordstyrar Egil Gulholm overrekte blomar til styremedlem Sverre Nordgård og leiar i valnemnda Henning Svoen. Han takka begge for godt arbeid for SA Naustdal båtlag gjennom mange år. Nyvald styreleiar Daniel Stave overrekte blomar til Egil Gulholm og takka han for godt arbeid som styreleiar gjennom mange år.

*Helge Stokserud
Vegard Nordnes*

REVISORBERETNING FOR NAUSTDAL BÅTLAG 2016


Vi har revidert årsrekneskapen for Naustdal Båtlag, for driftsåret 2016 med balanse per 31. desember 2016 og resultatrekneskap som synet eit underskot på kr 13 853 for rekneskapsåret avslutta per denne dato.

Vi tilrår at årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2016.

Naustdal, 13.mars 2017



Svein Øverland
revisor



Bjørn Olav Erdal
revisor